



SAKSFRAMLEGG


| | |
|-----------------------------------|--------------------------|
| Sakshandsamar: Tone Ramsli | Arkivkode: FE-614 |
| Arkivsaksnr: 09/635 | Løpenr: 10/970 |
| Sakstype: Politisk sak | |

| SAKSGANG | | | |
|--------------------------------|------------|---------|----------|
| Styre, utval, komité m.m. | Møtedato | Saksnr. | Saksbeh. |
| Utvalet for oppvekst og omsorg | 13.04.2010 | 011/10 | TR |

UTBYGGING VED SAMNANGERHEIMEN - ORGANISERING AV PLANARBEIDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Planarbeidet knytt til utbygging ved Samnangerheimen vert organisert som fylgjer:



I prosjektgruppa vil fylgjande delta:
Politisk representant: Kristian Jørgensen
Representant for brukarane: Tomas J Ådland
Prosjektleiar: John Inge Sandvik
Einingsleiar for pleie og omsorg Grete Lill
Hjartnes
Avd. leiar i pleie og omsorg: Susanne
Ulvenes

Verneombod ved Samnangerheimen.

Prosjektgruppa vel sjølv leiar. Prosjektgruppa rapporterer jamnleg til styringsgruppa.


Det vert sett ned ulike arbeidsgrupper etter behov. Ansvar for nedsetting og oppfølging av arbeidsgruppene vert lagt til einingsleiar for PLO. Eldrerådet sin representant vert med i arbeidsgruppene.

13.04.2010 UTVALET FOR OPPVEKST OG OMSORG

Handsaming i møtet: Samrøystes vedteke.

OO-011/10 VEDTAK:

Planarbeidet knytt til utbygging ved Samnangerheimen vert organisert som fylgjer:



I prosjektgruppa vil fylgjande delta:
 Politisk representant: Kristian Jørgensen
 Representant for brukarane: Tomas J
 Ådland
 Prosjektleiar: John Inge Sandvik
 Einingsleiar for pleie og omsorg Grete Lill
 Hjartnes
 Avd. leiar i pleie og omsorg: Susanne
 Ulvenes

Verneombod ved Samnangerheimen.

Prosjektgruppa vel sjølv leiar. Prosjektgruppa rapporterer jamnleg til styringsgruppa.

Det vert sett ned ulike arbeidsgrupper etter behov. Ansvar for nedsetting og oppfølging av arbeidsgruppene vert lagt til einingsleiar for PLO. Eldrerådet sin representant vert med i arbeidsgruppene.

Dokument som ikkje er vedlagt: Saksutgreiing sak 31/09

Kva saka gjeld:

I samband med ombygging/utbygging ved Samnangerheimen er det fatta vedtak om organisering av planarbeidet. Utval for oppvekst og omsorg fatta slikt vedtak i sak 31/09:

Utval for oppvekst og omsorg vert styringsgruppe for arbeidet med planlegging av utbygging ved Samnangerheimen.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe sett saman slik det går fram av saksutgreiinga.

Kristian Jørgensen representerer styringsgruppa.

Arbeidsgruppa skal innan juni 2010 ha utarbeidd kostnadsrekna framlegg til utbyggingsalternativ basert på plan for pleie og omsorgstenesta i Samnanger kommune 2008 – 2012. I arbeidet skal det takast omsyn til samhandlingsreformen og kva konsekvensar den har for Samnanger.

Det er kome melding frå eldrerådet at dei ynskjer å ta del i planlegginga. Leiaren der Ada Haugen er deira representant.

Ved eining for pleie- og omsorg har dei peika ut fleire personar som dei ynskjer skal ta del i planarbeidet. Dei har forsøkt å få ein av dei pårørande til å gå inn i arbeidet. Då dei ikkje lukkast med det, kontakta dei ein av dei som arbeider friviljug ved heimen, Tomas J Ådland, og han har sagt seg viljug til å vera med.

Det skal takast ei rekke prinsipielle beslutningar framover som skal vera grunnlag for meir detaljert arbeid. Rådmannen ser derfor behov for å stramma inn organisasjonen, noko som kan tenkjast gjort ved å innføra ei prosjektgruppe som rapporterer direkte til styringsgruppa – OO. Denne gruppa skal leva prosjektet igjennom.

Etter kvart som prosessen løper vil det koma opp ulike type problemstillingar. Det vil då vera naturleg å sette ned arbeidsgrupper som arbeider kreativ og konstruktiv med dei ulike fagområda. Desse gruppene vil variera i løpet av prosessen, men det er naturleg å tenkja seg at mange tilsette vil vera med i desse gruppene. Her bør også eldrerådet gå inn då det kan vera snakk om val av ulike

løysingar der deira kompetanse som eldre er viktig for å sjå utfordringar og finna gode løysingar. Innspela til arbeidsgruppene vil verta samordna av prosjektgruppa.

Når det gjeld formell representasjon frå dei tilsette, vil det vera verneombodet som er mest aktuell å ha med.